



Møteinnkalling

FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

Utval:	Fellesnemnd Ullensvang kommune
Møtestad:	Heradshuset i Kinsarvik
Dato:	09.03.2018
Tidspunkt:	09:00

Forfall skal meldast til Jondal kommune sitt sentralbord tlf.nr. 53 66 95 00 eller til Ragnvald Joakimsen på tlf.nr. 45 47 41 81.

Er nokon ugilde i ei sak, må det meldast frå om dette.
Varamedlemmer møter berre ved mottak av eigen innkalling.

Sak nr:	Sakstittel:
009/18	Godkjenning av protokoll
010/18	Fråsegn om kommunane sine budsjett og økonomiplanar
011/18	Samanstilling av kommunane sine økonomiplanar 2018-2021
012/18	Digitaliseringsstrategi Ullensvang kommune
013/18	Risiko- og sårbarheits analyse for samanslåingsprosjektet – vidare innspel og bearbeiding



Arkiv: K1 - 033
Arkivsak ID: 18/262 - 1
Journalpost ID: 18/3110
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 23.02.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.03.2018	009/18

Godkjenning av protokoll

Dokumentnr	Tittel
351111	Protokoll - Fellesnemnd Ullensvang kommune - 09.02.2018

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Utvalet godkjenner vedlagt protokoll frå førre møte.

Ingjerd Astad, prosjektleder



Arkiv:
Arkivsak ID: 18/258 - 1
Journalpost ID: 18/3080
Saksh.: Anne Erdal
Dato: 22.02.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.03.2018	010/18

Fråsegn om kommunane sine budsjett og økonomiplanar

Dokumentnr	Tittel
352102	Fellesnemnda og fråsegn til kommunane sine budsjett og økonomiplanar

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

1. Fellesnemnda legg til grunn at kommunane sine vedtekte investeringar for budsjettåret 2018 og økonomiplanen for 2018-2021, er forsvarlege og i samsvar med dei avtalte målsetjingane og framtidig behov i Ullensvang kommune.
2. Fellesnemnda ynskjer at kommunane i størst mogleg grad framover koordinerar arbeidet med økonomiplanane med omsyn til investeringar og behov.
3. Fellesnemnda ber om at større prosjekter som vil strekkja seg ut over 2020 blir sendt nemnda til uttale før politisk handsaming i eigen kommune.

Prosjektleder Ingjerd Astad,

Saka gjeld:

Med heimel i inndelingslova § 26 skal fellesnemnda gje fråsegn til departementet v/ fylkesmannen om årsbudsjettet for 2018 m/ økonomiplan og årsbudsjettet for 2019 m/ økonomiplan, slik dei er vedtekte av kommunestyra i samanslåingskommunane.

Fylkesmannen har i brev datert 17.11.17 bede fellesnemnda om å leggja vekt på følgjande:

- at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen.
- vurdere om dei vedtekne investeringane er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen. Det er viktig at den nye kommunen har eit solid økonomisk handlingsrom for å innfri forventningane dei første driftsåra

Intensjonsavtalen for Ullensvang kommune pkt 10. seier følgjande:

“I tida fram til 1. januar 2020 skal dei tre kommunane orientera kvarandre om aktuelle investeringsprosjekt med ei kostnadsramme over NOK 1 000 000 før eventuelt vedtak vert fatta.

Nye prosjekt etter 1. juli 2016 som vil strekka seg utover 2020 skal koordinerast innan dei tre kommunane.”

Kommunane sine investeringsbudsjett er ikkje vedlagt saka, men me viser til sak 027/17 Investeringsprosjekt i kommunane, kor prosjekt over kr 15 mill i kvar av kommunane blei omtala og vurdert. I saka kom det fram at kommunane, kvar for seg og samla, har ei handterleg låneportefølje i dag. Alle dei tre kommunane har imidlertid høge låneopptak i økonomiplanen for 2018-2021.


Fellesnemnda gjorde følgjande vedtak etter å ha handsama saka:

“Fellesnemnda tar saka til orientering, og ber om at større prosjekter som vil strekkja seg ut over 2020 blir sendt nemnda til uttale før politisk handsaming i eigen kommune.”

Soliditeten til den nye kommunen når det gjeld investeringar må vurderast ut frå den nye kommunen si samla lånegjeld og berekraftig drift. Det må sikrast at det frå 1. januar 2020 er tilgjengelege midlar til å dekkja renter og avdrag på dei låna som kommunen har teke opp. Kommunane sine disposisjonsfond kan i tillegg sjåast som ein “buffer” når ein skal vurdere soliditeten til den nye kommunen.

Disposisjonsfond per 1.1.2018:

	2013	2014	2015	2016	2017
Ullensvang	5,7	5,7	7,3	6,9	10,0
Odda	1,7	4,8	7,1	6,8	5,3
Jondal	9,6	9,8	13,2	13,8	16,2
Hordaland	3,3	3,8	4,6	6,4	
Landet	5,0	5,3	5,7	7,2	
Mål	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0



Det finns ikkje nokon offisiell tilråding om kor store disposisjonsfond ein kommune bør ha, men jo større disposisjonsfond, jo betre økonomisk handlefridom har kommunen. Nokre fylkesmenn tilrår å ha eit fond tilsvarande 10 % av brutto driftsinntekter.

Vurdering:

Kommunane er sjølvstendige fram til 2020, og sakshandsamar si vurdering er at dei budsjetta som er vedtatt for 2018 alle er på eit forsvarleg nivå.

Investeringane i kommunane Jondal, Odda og Ullensvang er knytt til kommunane sine hovudaktivitetar. Det er ei politisk prioritering å vurdere kor mykje av tilgjengelege ressursar som skal gå til investeringar og kor mykje som skal brukast på drift. Den samla lånegjelda for Ullensvang kommune kan verta høg om alle planlagte investeringar vert gjennomført. Dette vil i såfall redusere handlingsrommet til den nye kommunen frå 2020. Det er difor viktig at kommunane samordnar seg slik at ein ikkje byggjer opp for høg kapasitet i tenestene frå 2020.

Saka skal ekspederast av:
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv



Arkiv: K1 - 145K3 - &40
Arkivsak ID: 17/1776 - 3
Journalpost ID: 18/3140
Saksh.: Anne Erdal
Dato: 23.02.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.03.2018	011/18
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	06.03.2018	005/18

Samanstilling av kommunane sine økonomiplanar 2018-2021

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

1. Fellesnemnda tek saka til orientering.
2. Fellesnemnda ber kommunane om å koordinera bruken av føresetnader for budsjettarbeidet for 2019 slik at det er lettare å få ei heilskapleg oversikt over den økonomiske situasjonen på både drifts- og investeringssida for den nye Ullensvang kommune.

Prosjektleder Ingjerd Astad,

Saka gjeld:

Me viser til sak 027/17 kor investeringsprosjekt i kommunane over kr 15 mill blei omtala og vurdert. Det er no ynskjeleg å sjå økonomien i dei tre kommunane samla for å sjå korleis me kjem ut når me slår oss saman i 2020. I denne saka forsøker me å gje eit overordna bilete av både drift og investering i dei neste 4 åra.

Det har vore noko utfordrande å samanstillå økonomiplanane i kommunane då dei er satt opp med ulike føresetnader. Ein av kommunane har ikkje løns- og prisvekst eller vekst i skatt og

rammetilskot etter 2018. Me har forsøkt å koorigera for dette slik at me samanliknar budsjett med nokonlunde like føresetnader.

Samanstillinga er gjort med alle forbehold, og gir berre ein peikepinn på den samla økonomien.

Drift


Økonomisk oversikt drift for Ullensvang kommune ligg som vedlegg til saka. Det er slike føresetnader i oppsettet:

- Lønsvekst 3,0%
- Prisvekst 2,0%
- Vekst i frie inntekter 1,5%

Disposisjonsfond:

Samla disposisjonsfond ved utgangen av 2017 var på kr 107,6 mill. Det finns ikkje nokon offisiell tilråding om kor store disposisjonsfond ein kommune bør ha, men jo større disposisjonsfond, jo betre økonomisk handlefridom har kommunen. Nokre fylkesmenn tilrår å ha eit fond tilsvarande 10 % av brutto driftsinntekter.


Disp.fond	mill
Ullensvang	38,5
Odda	46,8
Jondal	22,3



Netto driftsresultat:

	2013	2014	2015	2016
Ullensvang	2,4	2,5	1,4	4,3
Odda	5,0	7,0	6,2	3,1
Jondal	1,0	4,6	1,2	3,6
Gj.sn. Hordaland	2,7	1,2	2,9	4,3
Gj.sn. landet utenom Oslo	2,4	1,0	2,7	3,9
Mål	1,8	1,8	1,8	1,8

Kjelde: Kostra 2016



Over tid bør netto driftsresultat liggje over 1,75% av inntektene for at den økonomiske utviklinga skal vera god ifølgje Teknisk berekningsutval. Odda kommune har mål om å liggja over 6 % (pga høge kraftinntekter).

Eigedomsskatt:

I intensjonsavtalen er det skrive følgjande om eigedomsskatt:

«Den nye kommunen skal ha eigedomsskatt på verk og bruk slik dei tre kommunane har i dag. Det vert på noverande tidspunkt ikkje lagt opp til eigedomsskatt utover verk og bruk, men den endelege avgjerda om eigedomsskatt vil liggja til kommunestyret i den nye kommunen»

Ullensvang herad har i dag kr 8,4 mill i eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedom. Denne inntekta er tatt ut av økonomiplanen frå 2020.

Verk og bruk går ut som eigen kategori frå 2019, og den nye kommunen må velja eit anna alternativ. Me kjem attende til dette.

Investering:

Budsjettskjema 2B, investeringar ligg som vedlegg til saka.

Kommunane har, kvar for seg og samla, ei handterleg låneportefølje i dag. Økonomiplanane i kommunane legg imidlertid for 2018-2021 opp til ein stor auke i lånefinansieringen, og gjer at

nye Ullensvang kommune i 2020 vil ha lån på kr 1,4 mrd aukande til kr 1,5 mrd i 2021.

Vurdering:

Drift:

Som vedlegget viser ser drifta ut til å gå greitt fram til 2020. I 2020 manglar det kr 10 mill for å få driftsbudsjettet til å gå i hop, aukande til kr 31 mill i 2021.

Det er ei kjent problemstilling i kommunane at veksten i dei frie inntektene er lågare enn løns- og prisvekst. Dette gjer utfordringar for drifta, og må handterast. Det må gjerast innsparingar i drifta i 2020 nokonlunde tilsvarande bortfallet av eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedomar i Ullensvang herad. I 2021 må det gjerast ytterlegare tilpasningar. Det er ingen tvil om at det er eit stort innsparingspotensiale ved å slå saman tre kommunar.

Me viser og til «Kostra-analyse av kommunar og herad som skal inngå i nye Ullensvang kommune» som er sendt ut tidlegare. Analysen viser at kommunane ser ut til å driva med eit relativt høgt ressursnivå på dei fleste område. Me rår difor til at det i arbeidet med ny kommune vert gjort tilpasningar i tenestenivå og ressursbruk.

Investering:

Kommunane er sjølvstendige fram til 2020, og sakshandsamar si vurdering er at dei budsjetta som er vedtatt for 2018 alle er på eit forsvarleg nivå.

Investeringane i kommunane Jondal, Odda og Ullensvang er knytt til kommunane sine hovudaktivitetar. Det er ei politisk prioritering å vurdere kor mykje av tilgjengelege ressursar som skal gå til investeringar og kor mykje som skal brukast på drift. Den samla lånegjelda for Ullensvang kommune kan verta høg om alle planlagte investeringar vert gjennomført. Dette vil i såfall redusere handlingsrommet til den nye kommunen frå 2020. Det er difor viktig at kommunane samordnar seg slik at ein ikkje byggjer opp for høg kapasitet i tenestene frå 2020.

Førestnader:

Sakshandsamar vurderer det som viktig at fellesnemnda ber kommunane om å koordinera bruken av føresetnader i budsjettarbeidet for 2019 slik at det er lettare å få ei heilskapleg oversikt over den økonomiske situasjonen både på drifts- og investeringsida for nye Ullensvang kommune.

Saka skal ekspederast av:
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv



Arkiv:

Arkivsak ID: 18/265 - 1

Journalpost ID: 18/3139

Saksh.: Andreas Sigvaldsen

Dato: 23.02.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.03.2018	012/18
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	06.03.2018	006/18

Digitaliseringsstrategi Ullensvang kommune

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

1. Fellesnemnda vedtek forslag til Digitaliseringsstrategi som høyringsnotat.
2. Fellesnemnda gjev prosjektleder oppdrag til høyring av Digitaliseringsstrategi i dei tre kommunane / herad og i alle hovedarbeidsgruppene i prosjektet. Innspillene skal vurderast og vert innarbeidd i endeleg versjon som vert lagt fram til handsaming.
3. Fellesnemnda ber om at endeleg versjon av Digitaliseringsstrategi verta lagt fram til handsaming i Partssamansett utval på møte den 17. april for å gje uttale til strategien, og til handsaming og endeleg vedtak i fellesnemnda på møte den 27.april.


Prosjektleder Ingjerd Astad,

Saka gjeld:

Overordna Digitaliseringsstrategi for Ullensvang kommune.

Digitalisering i offentlig sektor er eit viktig fokusområde for kommunal tenesteproduksjon og forvaltning. Ullensvang kommune får med dette ein overordna strategisk plan for digitalisering som vil setja organisasjonen vår i stand til å gjera godt funderte veivalg i tida som kjem.

Digitaliseringsstrategien er bygget opp på følgende måte (bilete 1):



Bilete 1: Oppbygging Digitaliseringsstrategi Ullensvang kommune

Digitaliseringsstrategien til nye Ullensvang kommune byggjer opp under visjonen:

“Å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger.”

og førande prinsipp for arbeidet:

- Å skapa ein ny kommune skal vera prega av likeverd, vidsyn og forståing av kvarandre sin ståstad.
- Den nye kommunen skal utviklast og driftast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sine fortrinn og sterke sider, men og ta inn over seg utfordringane i framtida.
- Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.

Vurderingar/drøftingar:

Denne digitaliseringsstrategien vil danna fundament for sektorane sine eigne handlingsplanar for digitalisering. Bruk av IKT-verktøy og digitale tenester er viktig og vert viktigare i forvaltinga i framtida og tenesteproduksjon. Digitale verktøy og arbeidsflater er vorte eit viktig element i alle sektorar og tenester (bilete 2).

Innbyggertjenester		
Helse og omsorg	Skole og oppvekst	Teknisk
Legesenter	Grunnskole	Vann og avløp
Legevakt	Barnehage	Renovasjon
Sykehjem	SFO	Bygg og eiendom
Hjemmesykepleie	Voksenopplæring	Renhold
Sosiale tjenester	Flyktningsjeneste	Samfunnsutvikling
Omsorgsboliger	PPT	Brann og redning
Folkehelse	Barnevern	Samferdsel
Kreflkoordinator	Logoped	Byggesak
RUS/Psykiatri	Helsestasjon	Verksted
Omsorgssenter	Helsesøstre	Vaktmestertjeneste
Administrasjon		
Personal og HR	Økonomi	Innkjøp
Politisk sekretariat	Dokumentsenter og Arkiv	Skatt og innføring
Utvikling	IKT/Digitalisering	Servicetorg


Bilete 2: Digital tenesteproduksjon

Innbyggjarane i dagens kommunar er på veg til å verta gode brukarar av digitale arbeidsflater og verkty. Dette vil utfordra kommunane til å kunna tilby elektroniske tenester i større grad i tida som kjem. Å ha solid infrastruktur og strategiar for digitalisering vil verta ein sentral del av arbeidet til kommunen med å gje innbyggjarane eit best mogleg tenestetilbod. For å sikra ein best mogleg disponering av investeringar knytt til området, ser prosjektleiaren det som særskilt viktig å sikra kommunen eit best mogleg grunnlag gjennom overordna strategiar knytt til digitalisering. Dette vil òg setja Ullensvang kommune istand til å satsa heilskapleg, ikkje stykkevis og delt gjennom sektorielle satsingar.

Ullensvang kommune ynskjer å vera ein bidragsytar for etablering og bruk av regionale og nasjonale fellesløysingar og felleskomponentar. Kommunen skal nytta teknologi og digitalisering for å forbetra kommunikasjon mellom ulike aktørar, forbetra tenestene som vert levert og nytta ressursane til kommunen på ein meir føremålstenleg måte. Bruk av teknologi og digitalisering er òg ein viktig innsatsfaktor for å tilby best mogleg kunnskap og læring, både til innbyggjarane, tenestemottakarar, tilsette og øvrige samhandlingsaktørar med kommunen. Kommunen skal leggja til rette for digital livslang læring.

Strategien vår sammenfaller med dei føringane som statleg og fylkeskommunal legg for kommunikasjon framover gjennom digitale løysingar.

Nye Ullensvang kommune har søkt og fått støtte frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for gjennomføring av fornyings- og digitaliseringsprosjekt "Digital verktøykasse og digitaliseringstiltak nye Ullensvang kommune". Midla skal verta til m.a. brukt å utarbeida denne felles digitaliseringsstrategi/-plan for nye Ullensvang kommune, nytta seg av ei digital verktøykasse og dessutan planleggja, implementera og følgje opp (gevinstrealisering) konkrete digitaliseringstiltak innan helse, oppvekst, teknisk og administrasjon (bilete 3).



Bilete 3: Prosjekt Digital verktøykasse og digitaliseringstiltak nye Ullensvang kommune

KS' digitaliseringsstrategi for kommunar og fylkeskommunar 2017-2020 har følgjande visjon:

“Gode og tilgjengelege digitale tenester styrkjer dialogen med innbyggjarar og næringsliv og gjev gode lokalsamfunn.”

Det finst følgjande strategiske føringar for digitalisering av kommunal sektor:

- Brukaren i sentrum
- Digitalisering er ein vesentleg innsatsfaktor for innovasjon og auka produktivitet
- Styrkt digital kompetanse og deltaking
- Effektiv digitalisering av offentleg sektor
- Informasjonstryggleik, personvern og dokumentasjonsforvaltning

Strategien vår tek opp i seg alle desse føringane for det vidare arbeidde med digitalisering i Ullensvang kommune. Eit sterke fokus på styring av satsingar for best mogleg samhandling mellom sektorane, auka bruk av digitale løysingar som kan effektivisering av arbeidsflyten i organisasjonen, og tydelegare Kost-Nytta vurderingar skal leggjast til grunn for investeringar.

Risikovurdering:

Den teknologiske utviklinga går stadig fortare, mangfaldet i verktøy og digitale løysingar akselerer. Sentrale statlege og regionale styresmakter peikar allereie ut ei retning der digitalisering innan tenesteproduksjon og forvaltning sjåast på som kritisk og sentralt. Dette er ei retning vi må forhalda oss til, kommunane er ein sentral del av dette. Å ikkje ha ein gjennomført strategisk plan for dette sentrale området, med til tider store investeringar, kan auka faren for fragmentering og feilinvesteringar. Politisk nivå og prosjektleiar er avhengig av å støtta seg på gjennomarbeidde strategiar og planar for sikre planlegging og oppbygging av ei forvaltning og tenesteproduksjon som skal kunna fungera på ein forsvarleg måte i tråd med løvar og sentrale føringar.

Strategien vår vil gje oss eit solid fundament for den nye framtidige kommunestrukturen.

Økonomiske konsekvensar:

Når det gjeld den overordna Digitaliseringsstrategi for nye Ullensvang kommune vil det ikkje vera knytt økonomiske konsekvensar til han. Men det skal utarbeidast konkrete handlingsplanar innanfor kvar sektor for å operasjonalisera strategien. her vil det påløpe drifts- og investeringskostnader. Det arbeidet vil vere knytt saman med fase 2 og 3 i arbeidet med å skapa innhaldet i den nye kommunen.

På noverande tidspunkt vil det ikkje vera mogleg å anslå slike økonomiske konsekvensar. Operasjonalisering av den overordna digitaliseringstrategien i form av driftstiltak og prosjekt, vil underleggjast prosjektporteføljestyling med tilhøyrande kost-/nytte-analysar og gevinstrealiseringsplaner før beslutning/vedtak av igangsettelse.

Samandrag/ konklusjon:

Prosjektleiaren ser det som særst viktig at samanslåingsprosjektet får forankra denne strategien i dagens kommunar og herad, i arbeidsgruppene i prosjektet og i prosjektorganisasjonen. Offentleg forvaltning er på veg inn i ein digital kvardag, både i dei interne arbeidsprosessane, og ut mot innbyggjarane. Denne strategien vil setja oss betre i stand til å møta forventingane til innbyggjarane knytt til tenesteproduksjonen til den nye kommunen. Samstundes kan teknologi på fleire område, ved føremålstenleg bruk, kompensera og styrkja blant anna livskvaliteten for framtida si eldre med omsorgsbehov, og tilbod til barn/unge med tilretteleggingsbehov.

Saka skal ekspederast av:	Sakshandsamar
Partsbrev skal sendast til:	Alle relevante partar
	Arkiv



Arkiv:

Arkivsak ID: 18/266 - 1

Journalpost ID: 18/3141

Saksh.: Ingjerd Astad

Dato: 23.02.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.03.2018	013/18
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	06.03.2018	007/18

Risiko- og sårbarheits analyse for samanslåingsprosjektet – vidare innspel og bearbeiding

Prosjektleiari sitt forslag til

vedtak:

Partssamansett utval gjev vidare innspel til ROS-analysen for samanslåingsprosjektet Ullensvang kommune.

Fellesnemnda gjev vidare innspel til ROS-analysen for samanslåingsprosjektet Ullensvang kommune. Prosjektleiari får i oppdrag å bearbeide analysen, som vert lagt fram til ny handsaming i møte i april.

Prosjektleiari Ingjerd Astad,

Saka gjeld:

Intensjonen med å slå saman kommunane Jondal, Odda og Ullensvang er å

Å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger

For å bidra til å sikre måloppnåing og ha ei felles oppfatning om risikoar i prosjektet er det

viktig å utarbeide ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for samanslåingsprosjektet. Det er og stadfesta i prosjektplanen. ROS-analysen vil vera ei kvalitativ risikovurdering som bygger på fagleg skjøn og erfaringar. Målsettinga med ei slik ROS-analyse er å kunna vera «føre var» - og kunna setja i verk tiltak for å forhindra at dei tenkte hendingane skjer. Gjennom arbeidet med ein slik analyse tenkjer vi mellom om anna å synleggjera:

- Uønska hendingar som vil kunne inntreffa
- Vurdere kor sannsynleg det er at hendingane kan inntreffa
- Vurdere kor store konsekvensane kan verta om hendingane inntreff

ROS-analysen skal altså gje ei vurdering av kor sannsynleg ei hending er, konsekvens og moglege tiltak for å redusera risikoen.

Proessen:

Folkevalde representantar i fellesnemnda, leiarar og tillitsvalde i dei tre kommunane har vore involvert i arbeidet med ROS-analysen. Leiarar og tillitsvalde gav sine innspel i felles samling den 9. januar og fellesnemnda i sitt møte den 9. februar.

Arbeidet med ROS-analysen har tatt utgangspunkt i å kartlegge kva som kan vere risikomoment i sjølve samanslåingsprosjektet; i bygginga av den nye kommunen. Måla i intensjonsavtala og vidare i prosjektplanen ligg til grunn for vurderingane. Overordna har samanslåingsprosjektet to hovudinnretningar gjennom oppdraget; kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon.

ROS-analysen skal kunne vere eit verkemiddel gjennom prosjektarbeidet både overordna og i dei ulike arbeidsgruppene i prosjektet. ROS-analysen må vurderast med jamne mellomrom gjennom prosjektperioden. Det vil sikre at ein har ein felles forståing av risikobilete og betre vil kunne handtera uønska hendingar.

Gjennom dei arbeidsøktene som har vore, syner tabellen kva for hendingar som er vurdert å kunne inntreffe (sannsynlegheit), som kan innebere ein risiko for at prosjektet ikkje når måla (konsekvens).

Sannsynlighet er vurdert vurdert ut frå følgjande: 1. Lite sannsynleg, 2. Mindre sannsynleg, 3. Sannsynleg, 4. Meget sannsynleg og 5. Svært sannsynleg.

Alle innspela er samla i tabellen som ligg vedlagt. Innspela er kategorisert slik at det skal vere lettare å få oversikt; organisasjon, politikk, økonomi, IT-system og innbyggjar/samfunn. Før ein konkluderer om kva for hendingar som det er vesentleg at ligg ved i analysen for samanslåingsprosjektet Ullensvang kommune, er det ynskjeleg med vidare innspel både i partssamansett utval og i fellesnemnda, før prosjektleiar legg fram ei bearbeid analyse i møta i april. Spørsmålet er om oversikten som føreligg dekkjer nødvendige hendingar, og om det er hendingar som bør takast ut. Og vidare kva for konsekvensar er det vesentlig å vere oppmerksom på, og kva for tiltak kan redusera konsekvensane.

Saka skal ekspederast av:	Sakshandsamar
Partsbrev skal sendast til:	Alle relevante partar
	Arkiv